

10 sider om ei positiv bygd

08.12.2010



**Det føreligg eit nytt Kvinnheradmagasin, sendt i posten til alle husstandane i Skånevik, Stord, Ullensvang, Odda og Kvinnherad.
I tillegg vert magasinet lagt ut på mange butikkar og på andre sentrale møteplassar.
Prinfo Media ved Sigurd Vikøren står bak produktet som er trykt i 17.000 eksemplar.**

Uskedalen, som av Bente Nilsen vert omtala som ei positiv bygd, er sterkt profilert med heile 10 sider, mot 3 sider i 2009. Ikke noko anna bygd har så mange sider i julemagasinet.

Her finn du artikkel om og av nyepresten Ole Kristian Due. Elles er det redaksjonelt stoff om Sparbutikk i toppdivisjon, Hjønnnevåg med sjømat i generasjonar, den travle Ulvanosenissen og om arbeidet med den nye stølzboka.

Det er i minste laget med lysingar, men dei som er, syner godt att med god layout og grafisk design.

Uskedalsstoffet er plassert på ulike plassar i magasinet. Vi hadde gjerne sett at alt var samla. uskedalen.no ved Ola Matti Mathisen og Kristian Bringedal har hjelpt til med skriving

Elles har vi merka oss kva Marit Hjønnnevåg seier:

'Foredling av fisk er tradisjon og kunnskap. Det er dette vi som bedrift må ta vare på og utvikla og tilpassa marknaden'

Godt sagt av den daglege leiaren som nyss er heimkommen frå verdsutstilling og handelsreise i Kina.

Dersom du ynskjer magasin som gāve og helsing, sei frå til uskedalen.no.
Vi sender og leverer.

Av Kristian Olav Bringedal